

VISTVIK

Gnr 56

”Ødeplattz”

Garden er trengt saman mellom Ytre Bø, Viste og Vistnes og er 450 dekar stor. Frå vest trengjer ei 2-300 m djup vik inn i landet. Dette er Vistvik, som ein gong for kanskje eit par tusen år sidan omfatta også dette stykket land. Historisk sett har ein undra seg på kva som gjorde at folk busette seg her. I 1631 heiter det at garden verken var sådd eller spadd, han var berre ein ”Ødeplattz Wnder Feeoed til Beede”, utleigd til grannegardane.

Det einaste fornminnet som er funne her er ei nausttuft 4 x 7 meter frå folkevandrings-tida, 300-400 e. Kr..

Sølv på kistebotnen

Vistvik låg ”belejelig til Søes”, her henta ein mat til middagsbordet, gjødsel til åkrane og skulle ein nokon stad var sjøen lettast å ta seg over. Det viktigaste var husfisket, men av og til vart det fisk til salg. Det seiast at i 1621 drog bøndene til Stavanger med 60 liter makrell som dei selde. I gode år gav sildefisket gode inntekter til garden, ellers gav hummarfisket ei kjærkoma inntekt. Utover i 1830 – 1870 åra var fisket særst godt og strandsitjarane skaffa seg sølv på kistebotnen.

Firedobla folketal


Folketalet på Vistvik vart firedobla frå 1801 til 1865, det meste skuldast strandsitjarhus og husmannsplasser. Husmennene hadde ein åkerflekk, nokre sauer og kanskje ei ku eller to.

Knytta til sjøen

Frå 1886 og fram til 1907 auka det dyrka arealet frå 70 mål til 261 mål, og talet på storfe frå 18 til 36 dyr. Det var naturen som sette grenser for kor mykje som kunne dyrkast. Gardsvaldet var etter måten lite, med mykje grunn jord. Likevel nytta dei meir maskinar enn det som var vanleg.

Det kan sjå ut som om folka på Vistvik var nær knytt til sjøen og måtte henta ein viktig del av livberginga her.

Det er ingen kjente bumerker knytta til garden Vistvik



**Randaberg
kommune**